

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Middelthuns gate 29
0368 OSLO

Dato: 01.10.2019
Vår ref.: 2019/16307-4
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Søknad om løyve til uttak av vatn frå Knappenvatnet i Fjell kommune til bruk i avlusing av oppdrettsfisk

Samandrag:

Tiltakshavar planlegg å etablere Knappenvatnet i Fjell kommune som vassskjelde for brønnbåtar med behov for ferskvatn om hausten. Vatnet skal brukast til avlusing av oppdrettsfisk. Det er søkt om å ta ut 15 000 m³ frå Knappenvatnet over ein perioden på fem dagar. Eit slikt uttak skal skje om lag ein gong kvar tredje veke i perioden frå september og ut året. Det vil bli gjort inntil seks uttak årleg. Knappenvatnet skal regulerast mellom kote 0 og kote 5,0. For å auke vasstilgangen er det også planlagt å overføre to tilgrensande nedbørfelt og tiltaket omfattar graving av rørleidning og oppdemming av to vatn i området.

Bakgrunn for tiltaket er at søkjar har innleidd samtalar med oppdrettsselskapet MOWI, som har fleire matfisklokaliteter i sjøområda vest for Fjell kommune, om ferskvassforsyning til brønnbåtar som skal avluse fisk. Planlagte tiltak omfattar inngrep i utmark på søkjar sin eigedom, der søkjar vurderer at det er små andre brukarinteresser eller konfliktrar.

Knappenvatnet med dei tilstøytande småvassdrag ligg i eit småkupert kystlandskap bestående av vekselvis bergknauser med lynghei og myrer innimellom. Vegetasjonen vert dominert av einerkratt, pors, flekkvis småfuru-skog og myrer. Området er utmark, og vert i liten grad nytta til beite. Det er ikkje særlig ferdsel i området, der stiar i stor grad er hjortetråkk. Det er ingen tekniske inngrep i tiltaksområdet i dag, verken vegar eller vassdragsanlegg. Det er heller ingen vassuttak eller anna utnytting av vassdraga.

Vurdering:

Søkjar meiner at det fordelene med tiltaket er at grunneigar kan få utnytta ein vassressurs som ellers har små bruksområde. Han meiner vidare at det ikkje er knytta andre eller konflikterende brukarinteresser til disse vasskjeldene, og det er heller ingen kjende naturverdiar i området som blir berørt. Det vil bli arealbeslag knytta til oppdemming av Knappenvatnet, tilsvarende 2 600 m² landareal rundt innsjøen. Overføringsdammen i tilløpet til Blandingsvatnet vil demme ned omtrent 85 m². Under anleggsarbeidet skal det byggjes dammer, legges rørledninger og borast i fjell. Det vil bli arealbeslag knytta til oppdemming av Knappenvatnet, tilsvarende 2 600 m² landarealer rundt innsjøen. Overføringsdammen i tilløpet til Blandingsvatnet vil demme ned omtrent 85 m², vert det sagt.

Hordaland fylkeskommune ser av søknaden at det omsøkte tiltaket skal skje i eit område som i dag er utan tekniske inngrep av noko slag. Me ser på slik urørt natur som viktig for å ivareta det biologiske mangfaldet med pollinerande insekt, fugl osv. sjølv om ikkje spesielt sårbare artar er påvist i området. Det omsøkte tiltaket gjev ikkje-reversible sår i eit sårbart og karrig kystlandskap. Hordaland har i dag lite urørt kystnatur som dette, og nytt tap av slike område bør difor unngåast. Det vert også omtalt i søknaden at området grensar inn mot eit svært viktig friluftsområde der Nordsjøløypa går gjennom.

Hordaland fylkeskommune vurderer dette til å vera eit omfattande prosjekt med store naturinngrep for å etablera eit uttak av vatn til bruk i svært avgrensa omfang. Ferskvatn til dette behovet må kunna skaffast på andre stader der det allereie er etablert vassuttak for båtar.

Kulturminnefagleg vurdering:

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

I konsesjonssøknaden er kulturminne nemnt under punkt 3.9. Punktet seier at det ikkje finst kulturminne i området, og konklusjonen i søknaden er at tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens for kulturminne. Tiltaksområdet ligg sør i Fjell kommune, og tiltaket omfattar graving av røyrleidning og oppdemming av to vatn i området. I konsesjonssøknaden er ikkje potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne nemnt. Tiltaksområdet ligg i et område med stort potensial for funn av steinalderlokalitetar. På Hjartøy, like nord for tiltaksområdet, er det kjend tre steinalderlokalitetar (Askeladden-id 95685, 95686, 95687). To av dei ligg på 10-15 moh, medan den tredje ligg på omlag 20 moh. Med kjennskap til tidlegare funn og kulturminne i området, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminneloven. Hordaland fylkeskommune meiner at arkeologisk registrering bør gjennomførast som ein del av søknadsprosessen, slik at ein kan vurdere konsekvensen av dei føreslåtte tiltaka og vurdere eventuelle avbøtande tiltak før søknad om konsesjon vert handsama av NVE. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bera kostnadane med ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i kulturminnelova. Vi gjer òg merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Saka er oversend Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering. Deira fråsegn i saka vert ettersend

Konklusjon:

Hordaland fylkeskommune rår til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i samband med søknad om konsesjon og før ein fattar vedtak i saka, slik at ein har best mogleg grunnlag for å unngå eventuell konflikt med kulturminne og kulturmiljø.

Hordaland fylkeskommune meiner at omfanget av tiltaket med store naturinngrep og oppdemming i terrenget ikkje står forhold til den begrensa bruken av vatnet som er planlagt. Ferskvatn til dette behovet må kunna skaffast på andre stader der det allereie er etablert vassuttak for båtar. Tiltaket vil også utløysa krav til omfattande undersøkjing i terrenget etter kulturminnelova. Me vil difor frårå at tiltaket får godkjenning frå NVE.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

